

Ei uforgløyemeleg oppleving på ein av dei mest overfylte stadane i verda.

Dhaka, hovudstaden i Bangladesh, er ein av dei mest overfylte stadane i verda. Med eit folketal på omlag femten millionar, 350 000 nye innflyttarar kvart år, og kring 400 000 rickshawar blir utfordringane ein må møte for å overleve her umenneskelege. Byen har problem som verkar uløyselege når det kjem til trafikk, retssvesen, husrom, matforsyning, helsetenester og arbeidsvillkår. Kvar skal ein byrje?

Denne sommaren leiar Martijn Crowe, kunstnar og kunstnarisk leiar for The Faketory, eit unikt sosialt prosjekt saman med kunstnar Ronald Merkesteijn. Dei arbeider saman med over femti organisasjonar, lokale kunstnarar, skular og studentar, ein borneheim og fleire universitetslærarar. Ideen er å syne verda Dhaka sitt verkelege, komplekse andlet. Prosjektet søker å skape medvit og ansvar. I det du kjenner til noko, er du også ansvarleg.

Crowe skildrar Dhaka-prosjektet som "eit internasjonalt prosjekt som syner fram menneska som ikkje blir sett, og slik gjev dei menneskelegheiten attende". Kjensla av å synke ned i ei masse av menneske er overveldande i det samme ein kjem til Dhaka. I denne fargerike og tettpakka metropolen er det som om alt mogleg veltar over ein: Dersom det er noko du ikkje finn i Dhaka, finnest det ikkje. Byen er som omgrepet over alle omgrep, og difor reint, iboande kaos.

Bileta og forteljngane me får frå massemedia om Bangladesh er berre tom retorikk som ikkje leiar til korkje refleksjon eller endring. Me i Dhaka-prosjektet veljer å lytte til dei stille stemmane, syne andleta deira til verda, og slik stiller me spørsmålet: Finnest det ein utveg?

Crowe arbeider saman med tjuvfem kunstnarar frå Dhaka Art Center og The Faculty of Fine Arts for å fortelje desse ufortalde historiane. Grappa vil velje ei sosial problemstilling, og frå denne vil me lage ulike kunstverk basert på metoden med-skaping. Kvar kunstnar medverkar med sine talent og sine perspektiv, i ein konstant pågåande dialog med resten av grappa og med Martijn Crowe som tilretteleggjar. Prosjektet inviterar deltakarane til å gje djupde til kunsten dei lagar, og til å la arbeidet sitt bli ein del av breiare sosiale rørsler.

Det tre månadar lange prosjektet vil også inkludere ein blogg, fleire utstillingar, fotografi, artiklar og førelesingar. Kunsten vil vere eit bindeledd mellom ulike grupper i og utanfor Bangladesh.

"Arbeidet eg gjer saman med Martijn Crowe er ekstraordinært på mange vis," forklarar Ronald Merkesteijn. "Kunst er ikkje eit mål i seg sjølv for oss, heller ikkje eit middel for å tene pengar, men ein måte å forstå livet på."

For artiklar og anna materiale om prosjektet, og vedrørande høvet til å lage ei reportasje, kontakt oss:

contact@thefaketory.org

Og vitje oss på:

<http://bangladesh-theproject.com/>